



## Løyve etter forureiningslova til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå del av tettbygd område i Ålesund

Løyvet er gitt i medhald av *lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6* (forureiningslova), § 11 jf. § 16 § 22 og § 40, og *forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) § 14-4 [og *forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta)].

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 26.9.2023, opplysningar som kom fram under saksbehandlinga, kommunale avløpsplanar og opplysningar frå uttrekk av Vann-nett.

Dette løyve er ajourført per 5.7.2024.

|                                      |                                      |          |          |
|--------------------------------------|--------------------------------------|----------|----------|
| Tettbygd område (Tettbebyggelse) nr. | 387 Ålesund                          |          |          |
| Kommune                              | Sula kommune                         |          |          |
| Adresse                              | Sloghaugvegen 13, postboks 280       |          |          |
| Postnr.                              | 6039                                 | Poststad | Langevåg |
| Org. nummer (bedrift)                | 964980543                            |          |          |
| NACE-kode og bransje                 | 90.00 Kloakk- og renovasjonsverksemd |          |          |

### Statsforvaltaren sine referansar

|             |               |                 |
|-------------|---------------|-----------------|
| Løyvenummer | Anleggsnummer | Arkiv referanse |
| 2024.0598   | 1531.0064.01  | 2016/4751       |

|                                     |                                                            |                                         |
|-------------------------------------|------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|
| Løyve gitt første gang:<br>5.7.2024 | Løyve sist revidert i<br>medhold av fl § 18 tredje<br>ledd | Løyve sist endra:<br>26.6.2025          |
| Christian Dahl<br>underdirektør     |                                                            | Gunnhild Liva Austvoll<br>saksbehandlar |

*Løyvet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*



## Endringslogg

| Endringsnummer | Endringar av | Punkt og forklaring av endring                                                                                                                                                                                              |
|----------------|--------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1              | 26.6.2025    | Tabell 2 i punkt 1.2. og punkt 9 er endret til Kartlegging av naturmangfald i området for naudoverløp, <i>skal inkludere ein vurdering av naudoverløpet sin påverknad på naturmangfaldet i området rundt naudoverløpet.</i> |
|                | <dato>       |                                                                                                                                                                                                                             |



## Innhald

|          |                                                                        |           |
|----------|------------------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>1</b> | <b>Rammer for løyve</b>                                                | <b>1</b>  |
| 1.1      | Omfang                                                                 | 1         |
| 1.2      | Oversikt over krav med fristar                                         | 2         |
| <b>2</b> | <b>Generelle vilkår</b>                                                | <b>3</b>  |
| 2.1      | Utsleppsavgrensingar                                                   | 3         |
| 2.2      | Plikt til å halde grenseverdier                                        | 3         |
| 2.3      | Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg                   | 4         |
| 2.4      | Plikt til forebyggjande vedlikehald                                    | 4         |
| 2.5      | Tiltaksplikt ved økt forureiningsfare                                  | 4         |
| 2.6      | Plikt til internkontroll                                               | 4         |
| 2.6.1    | Krav om miljørisikovurdering                                           | 4         |
| 2.7      | Krav til kommunens planlegging av samla avløpsverksemd                 | 5         |
| 2.8      | Plikt til å ha oversikt over og kunnskap om tilstand og påverking      | 6         |
| 2.9      | Ombygging og overføring av avløpsvatn til andre anlegg                 | 6         |
| <b>3</b> | <b>Utslepp til vatn</b>                                                | <b>6</b>  |
| 3.1      | Krav til avløpsnett                                                    | 6         |
| 3.1.1    | Krav til oppsamling av kommunalt avløpsvatn                            | 6         |
| 3.1.2    | Krav om tiltaksplan for fornying av avløpsnett mm.                     | 7         |
| 3.1.3    | Krav til kontroll med overvann og annet framandvatn                    | 7         |
| 3.1.4    | Krav til utslepp via overløp                                           | 7         |
| 3.1.5    | Krav til verkningsgrad for avløpsnett                                  | 8         |
| 3.2      | Krav til reinsing av avløpsvatn                                        | 8         |
| 3.2.1    | Generelt                                                               | 8         |
| 3.2.2    | Oversikt over reinseanlegg                                             | 8         |
| 3.2.3    | Reinsekrav og dokumentasjonskrav                                       | 10        |
| 3.2.4    | Utsleppspunkt for reinseanlegg og overløp                              | 12        |
| 3.2.5    | Påsepp                                                                 | 13        |
| <b>4</b> | <b>Utslepp til luft</b>                                                | <b>13</b> |
| 4.1      | Generelt                                                               | 13        |
| 4.2      | Lukt fra punktkjelder                                                  | 13        |
| 4.3      | Utslepp av klimagassar                                                 | 13        |
| <b>5</b> | <b>Støy</b>                                                            | <b>14</b> |
| <b>6</b> | <b>Avfall og avløpsslam</b>                                            | <b>14</b> |
| 6.1      | Generelle krav til avfall                                              | 14        |
| 6.2      | Handtering av avløpsslam                                               | 14        |
| <b>7</b> | <b>Forureina grunn og forureina sediment</b>                           | <b>15</b> |
| <b>8</b> | <b>Akutt forureining - førebyggjande tiltak, varsling og beredskap</b> | <b>15</b> |
| 8.1      | Førebyggjande tiltak                                                   | 15        |
| 8.2      | Beredskapsanalyse                                                      | 15        |
| 8.3      | Beredskapsplan                                                         | 16        |



|           |                                                                                        |           |
|-----------|----------------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| 8.4       | Beredskapsetablering .....                                                             | 16        |
| 8.5       | Øving av beredskap .....                                                               | 16        |
| 8.6       | Varsling av akutt forureining .....                                                    | 16        |
| <b>9</b>  | <b><i>Resipientovervaking</i></b> .....                                                | <b>17</b> |
| 9.1       | Overvaking etter forureiningsforskrifta .....                                          | 17        |
| 9.2       | Overvaking etter vassforskrifta .....                                                  | 17        |
| 9.3       | Rapportering av overvakingsresultat .....                                              | 18        |
| 9.4       | Registrering i Vannmiljø .....                                                         | 18        |
| <b>10</b> | <b><i>Energi</i></b> .....                                                             | <b>18</b> |
| 10.1      | Energistyringssystem .....                                                             | 18        |
| 10.2      | Utnytting av overskotsenergi .....                                                     | 18        |
| <b>11</b> | <b><i>Substitusjon av kjemikalier og råstoff</i></b> .....                             | <b>19</b> |
| <b>12</b> | <b><i>Tilsyn</i></b> .....                                                             | <b>19</b> |
| <b>13</b> | <b><i>Krav til rapportering</i></b> .....                                              | <b>19</b> |
| 13.1      | Årleg eigenkontrollrapportering .....                                                  | 19        |
| 13.2      | Årlege vurderingar av driftsforhold .....                                              | 19        |
| <b>14</b> | <b><i>Nedlegging, ombygging og overføring av avløpsvatn til andre anlegg</i></b> ..... | <b>20</b> |
| <b>15</b> | <b><i>Oversikt sentrale ord nytta i løyve</i></b> .....                                | <b>22</b> |



# 1 Rammer for løyve

## 1.1 Omfang

Løyve gjelder all transport, behandling og utslepp av avløpsvatn, inkludert eventuelt forureina overvatn frå deler av tettbygd område Ålesund (tettbygd område (tettbebyggelse) omfattar deler av Ålesund og Sula kommune) på **inntil 66 000 BOF personequivalemt (pe)** i maks veke.

Alle tettbygde område som er knytt til same reinseanlegg, også tettbygd område i andre kommunar, blir rekna som eit tettbygd område i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 11, § 11-3 bokstav k, andre ledd. (Sist endra FOR-2024-02-02-170).

Løyve til transport, behandling og utslepp av kommunalt avløpsvatn i delar av tettbygd område som ligg i andre kommunar enn Sula kommune, er regulert i egne løyve.

Ålesund og Sula kommune skal til ei kvar tid ha oppdatert dokumentasjon på tettstadens utbreiing (areal) og størrelse (pe utrekna som BOF<sub>5</sub> etter NS 9426 eller anna). Ved utbygging av kommunen sin infrastruktur eller vesentleg utviding av verksemd som fører med seg auka utslepp frå tettstaden, skal tettstadens geografiske utbreiing og utsleppsstørrelse oppdaterast.

Sula kommunen pliktar å sørge for at det er samsvar mellom reinsekapasitet og størrelsen på potensielt utslepp (BOF<sub>5</sub> pe) av avløpsvatn i maksveke frå det tettbygde området/kommunen sin del av det tettbygde området før slike endringar som nemnt over blir realisert. Dersom størrelsen på det faktiske utsleppet i BOF<sub>5</sub> pe overskrider rammene for pe i løyve, er dette i strid med løyvet. Kommunen pliktar difor å varsle Statsforvaltaren og gjere greie for om dette skuldast ei enkeltstående hending, eller om det vil vere ei permanent endring. Ved langvarige overskridingar pliktar Sula kommune å utarbeida ein tiltaksplan for å redusera konsekvensane av dette på kort og lang sikt. Ved permanente utvidingar, må kommunen søke Statsforvaltaren om ei endring av løyvet.

Krava i dette løyvet tar utgangspunkt i utrekna potensielle utslepp frå tettbygde området som går fram av søknadsdokument om berekna utslepp etter NS 9426<sup>1</sup> gjort i 2021, jf. søknad datert 26.9.2023. Søknaden er basert på kunnskap om antal fastbusette og ikkje-busette personar, industri med påslepp til avløpsnett og eventuelle andre kjelder som vil påverke mengda og samansetningane av kommunalt avløpsvatn som oppstår.

**Tabell 1.** Syner kva berekningar som er lagt til grunn i søknaden på det tidspunkt løyvet blei gitt:

| Kjelde                                   | Beregnet BOF5 (pe) i 2021 | Beregnet BOF5 (pe) i 2050 |
|------------------------------------------|---------------------------|---------------------------|
| Befolkning tilknytt anlegget i Sula*     | 8 735                     | 10 830                    |
| Overføring frå andre kommunar (Ålesund)* | 33 630                    | 38 000                    |
| Septikslam mottak                        | 3 000                     | 3 000                     |
| Uforutsett framtidig belastning          |                           | 8 500                     |
| <b>SUM</b>                               | <b>45 365</b>             | <b>57 630</b>             |

<sup>1</sup> Med kommunens berga utsleppsstørrelse, meiner ein den maksimale, gjennomsnittlege vekebelastninga i BOF<sub>5</sub> (pe) til det avløpssystemet som vert regulert i dette løyve, og som oppstår i den veka i året med forventa høyst belastning. Beretningane skal være representative for situasjonen på søknadstidspunktet og 10 år fram i tid.



\*Det er lagt til grunn at tala som er oppgitt i løyvet er medrekna kommunale verksemder, arbeidsplassar, hotell og liknande. Når ikkje noko anna er nemnt forutsetjast det at talla representerer veke for maksimal belastning.

Løyve som vert erstatta:

- Sula kommune, Utsleppsløyve for mindre avløpsanlegg gitt 14.12.2000
- Tillatelse etter forurensningsloven for Ålesund kommune til utslipp av kommunalt avløpsvann og utslipp av overvann fra avløpsanlegg i Ålesund tettbebyggelse, tillatelses ID 2016.0617.T<sup>2</sup>

Dette løyvet omfattar dei reinseanlegg som går fram av pkt. 3.2.2 og utsleppspunkt slik dei er lista opp i pkt. 3.2.5. Løyvet omfattar også løyve til mottak av septikslam til Kongshaugen reinseanlegg.

Avløpsdirektivet er under revidering og kan føre til endringar i forurensningsforskriften. Det vil til ein kvar tid være det strengaste kravet som gjeld.

Krava til overvaking i dette løyvet er tilpassa behovet for samordna overvaking etter vassforskrifta.

Løyve gjeld transport, overføringsanlegg, mottak og utslepp av avløpsvatn som føres til Kongshaugen reinseanlegg. Løyvet omfattar utslepp frå samla tilført mengde avløpsvatn på inntil 66 000 BOF<sub>5</sub> personekvivalentar (pe) i maksuke. Løyvet inkluderer også mottak av septikslam.

Samarbeid om handtering av avløpsvatn mellom Sula og Ålesund kommune innanfor same tettbygd område nr. 387 Ålesund krevjast formalisert gjennom privatrettslege avtale.

Løyvet omfattar ikkje behandling av avløpsslam som oppstår i reinseanlegget.

## 1.2 Oversikt over krav med fristar

Kommunen skal kvart år gjennomgå alle handlingsplanar og oppdatere desse ved endringar/behov. Planane skal være dekkande for krav i dette løyve.

**Tabell 2:** Viser oversikt over krav med spesifikke fristar satt i løyve

| Tiltak                                                                                                                                                             | Frist                              | Referanse   |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------|-------------|
| Oppdatere miljørisikovurderingar for det samla avløpssystemet                                                                                                      | Årleg                              | 2.6.1       |
| Oversending av ny/oppdatert heilskapleg handlingsplan for kommunens avløpssystem                                                                                   | 31.12.2025                         | 2.6.2       |
| Utarbeida/oppdatera tiltaksplan for å redusera tilførsar av overvatn og anna framandvatn til avløpssystemet, samt vurdere behov for reinsing av forureina overvatn | 31.12.2025                         | 3.1.3       |
| Vurdere behov for reinsing av overvatn                                                                                                                             | 31.12.2025                         | 3.1.3       |
| Dokumentera årlege utsleppsmengder frå overløp                                                                                                                     | Fra og med 2029<br>Årleg           | 3.1.4, 13.2 |
| Dokumentere leidningsnettets verknadsgrad                                                                                                                          | 31.12.2030<br>Deretter kvart 3. år | 3.1.5, 13.2 |

<sup>2</sup> Løyve vil fortsett gjelde for dei anlegga som ikkje vert knytt til Kongshaugen reinseanlegg



|                                                                                                                                                               |                                    |                |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------|----------------|
| Gjennomføra planlagde tiltak for å redusera innlekking av framandvatn og utslepp frå overløp                                                                  | Kontinuerleg                       | 3.1.3, 3.1.4   |
| Sanere overløp som er i strid med løyve                                                                                                                       | 31.12.2028.                        | 3.1.4, 3.2     |
| Innføre systematisk kartlegging av utlekking frå leidningsnett                                                                                                | 31.12.2030                         | 3.1.4 og 3.1.5 |
| Gjennomføra planlagde tiltak for å redusera utlekking                                                                                                         | Kontinuerleg                       | 3.1.5          |
| Sende oversikt på omfang og status for pågåande utbyggingsprosjekt som kan bli ferdig stilt før driftsstart for det nye reinseanlegget.                       | 31.12.2024                         | 3.2.3          |
| Sende inn eksakt koordinatar for utsleppsleidning og naudoverløp                                                                                              | 1.6.2027                           | 3.2.4          |
| Utarbeide klimarekneskap                                                                                                                                      | Årleg frå 2028                     | 4.3            |
| Kartlegging av naturmangfald i området for naudoverløp. Kartlegginga skal inkludere ein vurdering av naudoverløpet sin påverknad på naturmangfaldet i området | 31.12.2026                         | 9              |
| Sende inn forslag til (oppdatert) overvakingsprogram                                                                                                          | <1.10.2025<br>Deretter kvart 3. år | 9.1 og 9.2     |
| Leggje inn overvakingsdata i Vannett                                                                                                                          | Innan 1.3, kvart 3. år f.o.m. 2026 | 9.4            |
| Etablere system for vurdering av energiforbruk                                                                                                                | 1.6.2028                           | 10.1           |
| Rapportere avløpsdata til forureiningsstyresmaktene via Altinn                                                                                                | Årleg innan 1.3.                   | 13.1           |
| Rapportera driftsdata og vurdering av drifta som vedlegg til Altinn-skjema                                                                                    | Årleg innan 1.3.                   | 9.3 og 13.2    |

## 2 Generelle vilkår

### 2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentar frå verksemda som er antatt å ha størst miljømessig betydning for organisk belastning og eutrofieringssituasjonen i resipienten er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet pkt. 3 til 5. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp er kome fram i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort.

### 2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene jf. vilkår i 3.2.3 og innanfor dei rammer som følgjer av forureiningsforskrifta § 14-13. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvika frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føra til auka skade eller ulempe for miljøet.



## 2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå det totale avløpssystemet, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar kommunen å redusera utsleppa så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader.

Det totale avløpssystemet skal drivast, haldast ved like og fornyast i eit langsiktig perspektiv, slik at forventna funksjon og kapasitet blir halde ved lag og er stabil også ved variasjonar i belastning og klimaforhold.

## 2.4 Plikt til forebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal Sula kommune sørgje for forebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vera dokumenterte.

## 2.5 Tiltaksplikt ved økt forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar kommunen å setja i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminera eller redusera den auka forureiningsfaren.

Sula kommune skal så snart som mogleg informera Statsforvalteren Møre og Romsdal om unormale forhold som har eller kan få forureiningsmessig betydning.

Akutt forureining skal i tillegg varslast, jf. krav fastsett i kapittel 8 i dette løyve.

## 2.6 Plikt til internkontroll

Sula kommunen pliktar å etablere internkontroll for si avløpsverksemd i samsvar med gjeldande forskrift om dette<sup>3</sup>. Internkontrollen skal sikra og dokumentera at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova<sup>4</sup> og relevante forskrifter til desse lovene, der særleg forureiningsforskrifta<sup>5</sup> kap. 11 og 14 legg rammer for kommunens avløpsverksemd. Kommunen pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Kommunen pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle forhold som kan medføre forureining og kunne gjera greie for risikoforhold. Konkrete krav til innhaldet i ei miljørisikovurdering, både med omsyn til akutt forureining og risiko for annan ulovleg forureining, er gitt i punkt 2.6.1.

### 2.6.1 Krav om miljørisikovurdering

Sula kommune skal ha ei oppdatert skriftleg, klimatilpassa miljørisikovurdering for det totale avløpssystemet som dette løyvet omhandlar. Dette inneber ei kritisk gjennomgang av forhold som er knytt til avløpssystemet som kan forårsaka utilsikta forureiningsutslepp/farar for forureining. Både konsekvensreduserande og sannsynsreduserande tiltak skal vurderast.

Denne miljørisikovurderinga skal som eit minimum leggje vekt på:

<sup>3</sup> Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127

<sup>4</sup> LOV-1976-06-11-79 Lov om kontroll med produkter og forbrukstjenester (produktkontrollloven)

<sup>5</sup> FOR-2004-0601-931 Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)



- Påslepp etter kapittel 15 og 15 A
- Kritiske punkter på leidningsanlegg og pumpestasjonar
- Kritiske punkter på reinseanlegg
- Utslepp til sårbar resipient/vassførekomst
- Utslepp av farlege stoffar
- Områder med moglege brukarkonfliktar
- Korleis det totale avløpssystemet blir påverka av klimaendringar
- Angi risiko og risikoreduserande tiltak i prioritert rekkefølge
- Vassforskriftas § 4 og mål om god kjemisk og økologisk tilstand i vassførekomstane

På grunnlag av utførte risikoanalysar og fastsette akseptable risikonivå for miljøskadelege hendingar som følgje av utslepp, må det planleggjast og gjennomførast tiltak for å overhalde akseptabelt risikonivå. Kvar tiltak skal vera knyta til ein ansvarleg person/stilling, og tiltaket skal ha ein frist for gjennomføring.

Miljøriskovurderinga og tilhøyrande tiltaksplanar skal evaluerast minst ein gong per år og skal oppdaterast etter kvart som tiltak er gjennomført og kunnskapsgrunnlaget endrar seg. Evalueringa skal dokumenterast skriftleg. Kommunen/verksemda skal ha ei skriftleg rutine for gjennomføring av miljøriskovurderingar, inkludert kriterium for oppdatering av vurderingane.

Miljøriskovurderinga skal vera ein viktig del av grunnlaget for den overordna avløpsplanen og beredskapsplanen (sjå punkt 2.7 og punkt 8.4).

## 2.7 Krav til kommunens planlegging av samla avløpsverksemd

Kommunen skal sørgje for å identifisera behovet for vedlikehald, fornying og utbygging av leidningsnett, pumpestasjonar og reinseanlegg for kommunalt avløpsvatn og overvatn både på kort og lang sikt. Kommunen pliktar vidare å setje av tilstrekkeleg med ressursar, både økonomiske og personressursar, slik at identifiserte behov for tiltak og andre krav i dette løyvet kan gjennomførast som planlagt. Korleis kommunen skal løyse dette i praksis innanfor fastsette fristar, skal dokumenterast overfor Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjennom oversending av ein heilskapleg handlingsplan for avløpsområdet (Temaplan avløp, Hovudplan avløp e.l.) innan 31. desember 2025

Gjennom handlingsplanen skal kommunen sjå tiltak, mål og prioriteringar i samanheng med annan planlegging i kommunen. Planen skal resultera i utarbeiding av konkrete tiltaksplanar, som igjen skal avspeglast i ein plan for årleg gjennomføring av tiltak. Kva tiltak som skal gjennomførast innanfor gjeldande og komande økonomiplanperiode skal gå tydeleg fram av handlingsplanen.

Kommunen skal på bakgrunn av ei årleg vurdering av korleis krava i dette løyvet og forureiningsforskrifta kap. 14 er følgt opp, vurdere behov for nye tiltak og endringar i prioriteringane.

Som ein del av den årlege vurderinga, skal kommunen vurdere om den etablerte behandlingsskapasiteten for kommunalt avløpsvatn står i forhold til utrekna potensielt utslepp frå kommunens del av det tettbygde område og med vedtekne planar om utbygging. Dette for å sikra at behovet for auka oppsamlings- og behandlingsskapasitet for avløpsvatn er tilpassa kommunens planar for ny utbygging av busetnad, hytteområde eller aktuell næringsverksemd<sup>6</sup>.

<sup>6</sup> Med aktuell næringsverksemd er det her meint næringsverksemd som vil innebere ei auke i belastning av kommunen si oppsamlings- og behandlingsskapasitet for avløpsvatn, som påslepp fra hotellverksemd, næringsmiddelindustri eller liknande.



Dersom vurderingen viser at behandlingsskapasiteten ikke er tilstrekkelig, skal kommunen presentere en konkret plan for å øke behandlingsskapasiteten og sikre fremtidig finansiering innen utbyggingen gjennomføres.

Ei skriftleg oppsummering av denne årlege vurderinga skal leggjast ved kommunens eigenkontrollrapportering i Altinn, jf. vilkår 13.1

## 2.8 Plikt til å ha oversikt over og kunnskap om tilstand og påverking.

Kommunen skal ha kjennskap til og kunne dokumentere skriftleg i kva grad reinseanlegg, avløpsnett og forureina overvatn påverkar eller kan påverke sårbare naturtypar eller område som blir brukt av sårbare artar og/eller brukarinteresser.

Det må visast særleg aktsemd ved planlegging av nye leidningstrasear og ved graving eller andre aktivitetar som kan påverke naturmangfaldet. Kommunen må gjere seg kjent med aktuelle lovkrav som kan gjelde for slik aktivitet, sjå kapittel 9.

## 2.9 Ombygging og overføring av avløpsvatn til andre anlegg.

Dersom reinseanlegg er planlagt nedlagt eller stansa for ein periode grunna ombygging eller utbetring, skal kommunen gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Aktivitetar som kan medføre fare for auka forureining kan ikkje startast før Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har gitt midlertidig unntak frå gjeldande reinsekrav. Søknader om unntak frå gjeldande reinsekrav må difor sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal i god tid.

Midlertidige unntak frå reinsekrava skal berre nyttast for eksisterande anlegg som skal byggjast om og akkurat i den korte perioden det blir umogeleg å oppretthalda normal drift som følgje av teknisk omlegging. Ein søknad skal innehalde konkret tidsperiode det bli umogleg å oppretthalde normal drift.

# 3 Utslepp til vatn

## 3.1 Krav til avløpsnett

### 3.1.1 Krav til oppsamling av kommunalt avløpsvatn

Avløpsvatnet frå nye bygningar skal knytast til offentleg avløpsnett, jf. § 27-2 i plan- og bygningslova.

Kommunen skal utarbeida planar for trinnvis auka tilknytning for eksisterande bygningar der tilknytingsgraden er lågare enn 98 %. Planane skal inngå i kommunen sin heilskaplege handlingsplan for avløpsområdet.<sup>7</sup>

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversikt over utbyggingar og tilkoplingar som medfører endring av det tettbygde området si samla utbreiing og størrelse (pe).

---

<sup>7</sup> Basert på *nasjonale mål* for vatn og helse, vedtatt av regjeringen 22. mai 2014, som seier minst 98 % tilknytningsgrad pr. reinsedistrikt.



Kommunen må halde seg oppdatert på ny avløpsteknologi og ta i bruk beste tilgjengelege teknikkar for å avgrense utslepp.

### 3.1.2 Krav om tiltaksplan for fornying av avløpsnettet mm.

Kommunen skal utarbeida ein tiltaksplan for fornying av avløpsnettet med kummer, pumpestasjonar mm. Tiltaksplanen skal vise det årlege, gjennomsnittlege behovet for fornying av spillvassførande leidningsnett, og kva kriterium som er lagt til grunn for fornying. Tiltaksplanen skal i tillegg omfatte reduksjon/fjerning av framandvatn og overvatn frå avløpsnettet. Fornyingsprogrammet skal vera samanhengande og skal minst omfatta dei neste 5 åra.

Kommunens leidningsdatabase skal oppdaterast kontinuerleg etter kvart som leidningsnettet blir fornya.

### 3.1.3 Krav til kontroll med overvann og annet framandvatn

Kommunen skal innan 31. desember 2025 ha laga en tiltaksplan for å redusere mengda framandvatn som blir tilført det kommunale leidningsnettet. Planen skal leggje opp til ein stegvis separering av overvatn og sanitært avløpsvatn.

Gjennomføringa av tiltak for å redusera tilførslar av overvatn og anna framandvatn til avløpsnettet må sjåast på som første steg i tiltak for å betre reinseløysninga for avløpsvatn.

I område der det separate overvassnettet mottar forureina overvatn, skal behovet for reinsing vurderast og dokumenterast som ein del av nemnte plan.

Utslepp av sanitært avløpsvatn via nettet for overvatn er ikkje tillate.

### 3.1.4 Krav til utslepp via overløp

Kommunen skal ha oversikt over alle utslepp av ureina avløpsvatn via overløp direkte til resipient, samt alle utslepp av ureina avløpsvatn via overløp direkte til resipient.

Utslepp av ureina avløpsvatn er uønskt, og innan 2030 bør den samla mengda utslepp via overløp (driftsoverløp) ikkje vere over 2 %.

Utslepp via overløp skal ikkje føre til forsøpling

Kommunen skal som del av sin heilskaplege handlingsplan for avløpsområdet, inkludere ein tiltaksplan for å redusera driftsoverløp og vurdere moglegheiter for å etablere utjamningsbasseng eller andre avbøtande tiltak, jf. pkt. 2.6 Det skal særleg takast omsyn til behovet for å redusere utslepp til sårbare resipientar og resipientar brukt til bading m.m. der utsleppa kan representera ein miljø- eller helsefare.

Driftstid for alle driftsoverløp skal registrerast og utsleppsmengder skal reknast ut. Dette skal inngå i årsrapporteringa til Miljødirektoratet jf. vilkår 13.2 frå og med 2028.

Alle utslepp via nødoverløp skal registrerast særskilt og handterast som ein avvikssituasjon.



Både driftstid og utsleppsmengd skal kunne reknast ut. Kommunen skal ha eit overvakings- og beredskapssystem som sikrar at nødoverløp straks blir oppdaga og utbetra innan 24 timar. Rutinar for dette skal gå fram av kommunens internkontrollrutinar og beredskapstiltak.

Planlagt stans i pumpestasjonar skal i utgangspunktet ikkje gi overløpsdrift. I dei tilfella der dette likevel kan bli nødvendig og kan føre til brukarkonfliktar, skal Statsforvaltaren i Møre og Romsdal varslast på førehand.

Det er ikkje tillate å etablera driftsoverløp på spillvassførande leidning. Overløp som er i strid med løyve skal sanerast innan 31. desember 2030.

### 3.1.5 Krav til verkningsgrad for avløpsnett

Kommunen skal kontinuerleg gjennomføra planlagde tiltak for å redusera lekkasjar av ureinsa avløpsvatn frå leidningsnett.

Verknadsgraden til avløpsnett, det vil seie kor stor del av forureiningsmengda som kjem fram til reinseanlegget, skal dokumenterast jamleg. Dette skal gjerast ved at dei ulike kjeldene til tap blir rekna ut eller vurdert kvalitativt. Her kan ein hydraulisk balansemodell vera til hjelp for å visa vassbalansen.

Dokumentasjonen skal første gang sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 31. desember 2030, deretter kvart 3. år.

Utslepp på grunn av feil ved leidningsnett, stans i pumpestasjonar og liknande skal ikkje redusera verknadsgraden i avløpsnett med meir enn 5 % fram til 31. desember 2030 og deretter maksimalt 3 % over året.

## 3.2 Krav til reinsing av avløpsvatn

### 3.2.1 Generelt

Alt avløpsvatn som er medrekna i det tettbygde området sin utsleppsstørrelse, skal behandlast slik at same minimumskrav til reinsing blir oppfylt, uavhengig av dimensjonerande kapasitet og teknologi ved reinseanlegga. Dette gjeld også for private avløpsanlegg over 50 pe som ikkje er knyta til kommunalt avløpsnett. Kontrollkrava er likevel tilpassa det enkelte anlegg.

I tillegg kan det enkelte reinseanlegg ha tilleggskrav eller skjerpande krav satt av omsyn til resipienten og bruken av denne, jf. vilkår 3.2.3.

Det skal settes av areal til eventuell utvidelse som følge av framtidige nye rensekrav eller behov for økt kapasitet.

### 3.2.2 Oversikt over reinseanlegg

Reinseanlegg eller utslippspunkt for ureinsa avløpsvatn som skal sanerast innanfor kommunens del av det tettbygde område og som er omfatta av dette løyve, går fram av tabell 4.

Oversikten<sup>8</sup> gir også informasjon om faktisk belastning og dimensjonerande kapasitet i BOF (pe), om dagens reinseprosess overheld reinsekrav på søknadstidspunktet og når reinseanlegget skal

---

<sup>8</sup> Her er det meint anlegg eller utslippspunkt som kommunen har bestemt skal sanerast på et bestemt tidspunkt og kor avløpsvatnet deretter skal overførast til eit nytt anlegg (Kongshaugen) angitt i tabell 4.



være overført til Kongshaugen Reinseanlegg. Reinseanlegget skal utformast slik at krava i forureiningsforskrifta kap. 14 og krava i dette løyve kan haldast. Reinseanlegg og utslepp for avløpsvatn utan tilstrekkeleg reinsing i tettbygd område som skal sanerast og som vert omfatta av dette løyve, er oppført i tabell 4. Alle anlegg som er nemnt i denne tabellen skal være overført til nytt reinseanlegg innan 31.12.2027, tabell 3.

**Tabell 3:** Nytt reinseanlegg

| Namn på reinseanlegg     | Dimensjonerande kapasitet i BOF (pe) | Reinseprosess     | Prøvedrift                | Ferdigstilles |
|--------------------------|--------------------------------------|-------------------|---------------------------|---------------|
| Kongshaugen reinseanlegg | 66 000                               | Sekundær-reinsing | august 2027 - januar 2028 | 1.1.2028      |

**Tabell 4:** Oversikt eksisterande reinseanlegg innanfor tettbygd område (tettbebyggelsen Ålesund)

| Navn på reinseanlegg eller utslippspunkt <sup>9</sup> | Rapportert belastning i Pe for 2023 | Dim. kapasitet i BOF (pe) | Grense i pe inntil sekundær-reinsing er oppfylt | Reinseprosess                   | Overholder reinsekrav (2023) | Frist for overføring       | Gjeldene løyve datert          |
|-------------------------------------------------------|-------------------------------------|---------------------------|-------------------------------------------------|---------------------------------|------------------------------|----------------------------|--------------------------------|
| <b>Sula kommune</b>                                   |                                     |                           |                                                 |                                 |                              |                            |                                |
| RA1-Geilneset                                         | 4820                                | 5000                      | 4940                                            | Mekanisk, sil 1 mm eller mindre | Nei                          | 31.12.2027                 | Fra 2001 erstatta av forskrift |
| RA2 Djupvika                                          | 1779                                | 3000                      | 1860                                            | Mekanisk, sil 1 mm eller mindre | Nei                          | 31.12.2027                 | Fra 2001 erstatta av forskrift |
| U4 Sunde                                              | 1725                                | 1500                      | 1725                                            | Slamavskiljar                   | Nei                          | 31.12.2027                 | Har ikkje løyve                |
| <b>Ålesund kommune</b>                                |                                     |                           |                                                 |                                 |                              |                            |                                |
|                                                       | Pe berekning i 2021                 |                           |                                                 |                                 |                              |                            |                                |
| RA3 Larsgården                                        | 4 010                               |                           | -                                               | Mekanisk, sil                   | Nei                          | 31.12.2027                 | 24.08.2016                     |
| RA4 Åse                                               | 14 247                              |                           | -                                               | Kjemisk reinsing                | Ja                           | 31.12.2027                 | 24.08.2016                     |
| RA5 Breivika                                          | 3 359                               |                           | -                                               | Mekanisk, sil                   | Nei                          | Overført 31.12.2027        | 24.08.2016                     |
| RA6 Flisnes                                           | 9 365                               |                           | 16 500                                          | Mekanisk, sil                   | Nei                          | 31.12.2027<br>31.12.2027   | 24.08.2016                     |
| RA15 Løvik                                            | 332                                 |                           | -                                               | Slamavskiljar                   | Nei                          | 31.12.2025 til RA6 Flisnes | 24.08.2016                     |
| RA18 Borgundgavlen                                    | 22                                  |                           | -                                               | Slamavskiljar                   | Nei                          | 31.12.2024 til RA4 Åse     | 24.08.2016                     |
| RA21 Bingsa                                           | 89                                  |                           | -                                               | Slamavskiljar                   | Nei                          | 31.12.2027                 | 24.08.2016                     |
| RA26 Hankane                                          | 153                                 |                           | -                                               | Krav om sekundærreinsing        | Nei                          | 31.12.2027                 | 24.08.2016                     |

<sup>9</sup> Begynn gjerne navnet med U dersom det dreier seg om et utslippspunkt for urensa avløpsvann.



### 3.2.3 Reinsekrav og dokumentasjonskrav

Alle eksisterende avløpsanlegg større enn 50 pe innanfor tettbygd område i Sula kommune skal sanerast, og avløpsvatnet skal overførast til Kongshaugen avløpsreinseanlegg som minst skal oppfylle krava i forureiningsforskrifta § 14-2 b) Sekundærreinsing. Reinsekravet for den delen av tettbygd område som skal overførast til Kongshaugen reinseanlegg skal være oppfylt innan 31. desember 2027.

Eksisterende avløpsanlegg i tettbygd område skal drivast optimalt fram til Kongshaugen reinseanlegg står ferdig.

I område der kommunen tillètter ny busetnad med påslipp/tilknytting av avløpsvatn til eksisterende avløpsanlegg, som ikkje tilfredsstiller dagens reinsekrav, skal minst overhalde kravet til primærreinsing (jf. forureiningsforskrifta § 14a) punkt 2). Avløpslegget som mottar ny tilkopling skal ha kapasitet til å ta imot avløpsvatnet, og avløpsleidningen må vere riktig dimensjonert. Det skal dokumenterast med prøvetaking at alle nye avløpsanlegg overheld primærreinsekravet. Dette gjeld også for U4 Sunde. Det skal over året tas minimum 12 prøver, kor det analyserast for SS (suspendert stoff).

Kommunen skal sende inn ein oversikt, seinast 31. desember 2024, over omfang og status for pågåande utbyggingsprosjekt som kan bli ferdig stilt før driftsstart for det nye avløpsreinseanlegget. Oversikten skal også innehalde reguleringsplanar der utbygging ikkje er igangsett og være fordelt per avløpssone.

Utsleppsparameter, tilhøyrande grenseverdiar, midlingstid og minimum antal prøver for primærreinsing og sekundærreinsing, er satt opp i tabellane under.

Inntil krava om sekundærreinsing kan etterkommast i 31.12.2027, skal følgande reinsekrav gjelde for det enkelte reinseanlegg:

**Tabell 5: Overgangskrav fram til tilknytting til Kongshaugen reinseanlegg**

| Reinsekrav                                                  | Nye anlegg som vert tilknytt | RA1-Geilneset             | RA2 Djupvika              | U4 Sunde                  |
|-------------------------------------------------------------|------------------------------|---------------------------|---------------------------|---------------------------|
| Primærreinsing jf. forureiningsforskrifta § 14-2 a) punkt 2 | Minst 50 % fjerning av SS    | Minst 50 % fjerning av SS | Minst 50 % fjerning av SS | Minst 50 % fjerning av SS |
| Konsentrasjonskrav                                          | 60 mg/l                      | 60 mg/l                   | 60 mg/l                   | 60 mg/l                   |
| Minste antal prøvar                                         | 12                           | 12                        | 12                        | 12                        |

#### Generelt om dokumentasjonskrav

Utsleppsparameter, tilhøyrande grenseverdiar, minimum tal prøver og midlingstid, er satt inn i tabellane under. Avlastning frå overløp på reinseanlegget er inkludert i reinsekrava. Utslepp via overløp på et tidlegare tidspunkt, skal reknast med i leidningsnettets verkningsgrad, men ikkje inn i reinseeffekten.

Prøvar av  $KOFCr$  og  $BOF_5$  må minst etterkomme både krav til konsentrasjon og reinseeffekt. Utslepp via overløp (både driftsoverløp og nødoverløp) ved avløpsreinseanlegget skal reknast med i reinsegraden til anlegget.



Dersom utslipp av  $\text{KOF}_{\text{Cr}}$  og/eller  $\text{BOF}_5$  er overskride med 100 % av det reinsekravet seier, så skal kommunen varsle Statsforvalteren i Møre og Romsdal.

#### Krav om måleprogram

Som eit ledd i driftskontrollen til Kongshaugen reinseanlegg, skal det fastsetjast eit måleprogram med analyser og målingar av relevante drifts- og utslppsparametre tilpassa det enkelte anleggs størrelse, medrekna utslipp til vatn, grunn og luft. Måleprogrammet skal vera ein del av kommunen sin internkontroll og haldast oppdatert.

Fram til Kongshaugen reinseanlegg står ferdig skal det utarbeidast måleprogram for eksisterande reinseanlegg.

Måleprogrammet skal omtala dei forskjellige stega i målingane og grunngi valde prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikk (metodar og frekvens). Prøvetidspunkta skal veljast slik at resultata blir mest mogleg representative for variasjonar i utslipp gjennom heile året ved normale driftsforhold. Måleprogramma skal omfatta maksveke for belastning for det enkelte anlegg og periodar med overløp. Minimum antal på akkrediterte prøver skal vera i samsvar med krava i forureiningsforskrifta § 14-11, men antal skal aukast der dette er nødvendig for å ivareta kravet til representativitet. Dersom ein prøve må strykast pga. unormale driftsforhold, skal dette kompensert med at det blir tatt ut ein ny prøve på eit seinare tidspunkt.

Prøvane skal analyserast jf. krav i forureiningsforskrifta § 14-12. Analysane skal utførast av laboratorium som er akkreditert for dei aktuelle analysane etter NS-EN ISO/IEC 17025. Norske standardar skal nyttast så langt som mogeleg. Dersom dette ikkje finst, kan internasjonal standard eller annan metode nyttast så lenge metoden gjev representative tal for verksemda sin faktiske utslipp.

Dersom Sula kommune ønskjer å analysere på andre parametarar enn  $\text{BOF}_5$ ,  $\text{KOF}_{\text{Cr}}$  og SS, må dette avklarast med Statsforvaltaren i forkant. Eit krav vil då vere at det er påvist ein høg statistisk korrelasjon mellom ønska parameter og parameteren utslippskontrollen er ønska basert på.

**Tabell 6: Kongshaugen reinseanlegg** Utslppsparameter, krav til reinseeffekt og metode.

| Utslppsparameter                                                                       | Krav                                                                                | Prøvetype og -frekvens                         |
|----------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------|
| Total nitrogen (tot.N)                                                                 | Berre målekrav                                                                      | 6 vekeblandprøver eller døgnblandprøver per år |
| Biologisk oksygenforbruk ( $\text{BOF}_5$ )                                            | Minst 70 % reduksjon og utslippskonsentrasjon ikkje overstig 25 mg $\text{O}_2$ /l  | 21 av 24 døgnblandprøver må overhalde krav     |
| Kjemisk oksygenforbruk ( $\text{KOF}_{\text{Cr}}$ )                                    | Minst 75 % reduksjon og utslippskonsentrasjon ikkje overstig 125 mg $\text{O}_2$ /l | 21 av 24 døgnblandprøver må overhalde krav     |
| Ved naudoverløp skal det tas prøver for Termotabile koliforme bakteriar, TKB og E-coli | Mindre enn 100 TKB mg/l                                                             | Når det er utslipp frå naudoverløp.            |
| Tungmetall                                                                             | Utløpsmengder og konsentrasjonar av: As, Cr, Cu, Ni, Zn, Pb, Cd og Hg               | 6 inn- og utløpsprøver per år. Vekeblandprøver |



|                       |                                                          |                                                                     |
|-----------------------|----------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------|
| Organiske miljøgifter | kap. 11, vedlegg 2 tabell 2.1.2 i forureiningsforskrifta | 3 inn- og utløpsprøver per år. Vekeblandprøver på ufiltrerte prøver |
|-----------------------|----------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------|

### 3.2.4 Utsleppspunkt for reinseanlegg og overløp

Reinsa avløpsvatn skal førast ut i resipient på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogeleg, og slik at brukarinteresser ikkje blir påverka. Plasseringa skal vere på minst 60 meters djup og minst 300-350 meter frå land i Flisfjorden. Koordinatane som er vist i tabell 7 er eit forslag til plassering og vil bli korrigert når leidningen er lagt. Leidninga for naudoverløp er utanfor det undersøkte influensområde det ver derfor anbefalt at leidninga førast ut til 20 meter djup og 140 meter frå land. Koordinatane som er vist i tabell 7 og 8 er eit forslag til plassering og vil bli korrigert når leidningen er lagt. Ved utslepp via naudoverløp skal det tas prøvar for TKB og E-coli i sommarhalvåret, prosedyrar for dette skal inngå i risikovurderinga og det skal utarbeidast plan for varslingsviss krava for god badevasskvalitet vert overskride.

Det er i søknaden ikkje oppgitt utslippspunkt for overløp frå pumpestasjonar og kummar, vi føreset at desse vert risikovurdert og ført til minimum 2 meter under middelvassstand.

Koordinatar og namn/beskriving for utslippspunkta skal sendast inn samla så snart dei ligg før og seinast før tilknytning av anlegg. For at dette skal kome inn i løyve tabell 9, må det sendast inn som ei mindre endring.

Ved legging av utslepps- og naudoverløpsleidning skal det tas omsyn til naturmangfald og nyttast teknikkar som gjer at ein unngår/avgrensar skadar på naturmangfald.

Utlegging av utsleppsleidning eller liknande tiltak som kan påverke tryggleiken eller framkomelegheita i kommunens sjøområde, krev løyve av kommunen der tiltaket skal settast i verk, jf. hamne- og farvasslova<sup>10</sup>.

**Tabell 7:** Utslippspunkt for Kongshaugen reinseanlegg

| Utsleppspunkt i Flisfjorden del av Storfjorden | Koordinatar X (UTM sone 32) | Koordinatar Y (UTM sone 32) | Minimum avstand frå land i meter <sup>11</sup> | Minimum djupne i meter |
|------------------------------------------------|-----------------------------|-----------------------------|------------------------------------------------|------------------------|
| utslippspunkt A                                | 363860*                     | 6923320*                    | 300-350                                        | 60                     |

\*oppdaterast til eksakte koordinatar når leidningen er lagt.

**Tabell 8:** Utslippspunkt for naudoverløp frå reinseanlegget, nord vest for Haneskjeret

| Utsleppspunkt Vågane / Flisfjorden | Koordinatar X (UTM sone 32) | Koordinatar Y (UTM sone 32) | Minimum avstand frå land i meter <sup>12</sup> | Minimum djupne i meter |
|------------------------------------|-----------------------------|-----------------------------|------------------------------------------------|------------------------|
| utslippspunkt B                    | 363960*                     | 6924490*                    | 140                                            | 20                     |

\* oppdaterast til eksakte koordinatar når leidningen er lagt.

<sup>10</sup> Jf. lov om havner og farvann av 17.04.2009 nr. 19 § 27

<sup>11</sup> Avstanden fra land regnes som horisontal avstand fra strandkanten ved middelvannstand

<sup>12</sup> Avstanden fra land regnes som horisontal avstand fra strandkanten ved middelvannstand



**Tabell 9:** Utslippspunkt for overløp

| Utslippspunktets<br>namn//beskriving | Koordinatar X<br>(UTM sone 32) | Koordinatar Y<br>(UTM sone 32) | Avstand fra land<br>+ navn på<br>resipient | Djup |
|--------------------------------------|--------------------------------|--------------------------------|--------------------------------------------|------|
| utslippspunkt                        |                                |                                |                                            |      |

### 3.2.5 Påslepp

Påslepp til kommunalt leidningsnett skal ikkje redusera moglegheita for å overhalda utslepps- og reinsekrav sett i dette løyvet eller forureiningsforskrifta. Påslepp skal heller ikkje redusera moglegheita for å utnytta avløpsslammet i medhald av krav i gjødselvarerforskrifta.

Kommunen skal ha oversikt over verksemdar som kan utgjera ein risiko for det kommunale avløpssystemet jf. forureiningsforskrifta § 15A-4, og følgje opp desse gjennom påleggskrav og tiltak.

## 4 Utslepp til luft

### 4.1 Generelt

Lukt skal vera ein driftsparameter for heile avløpssystemet si samla verksemd. Dette for å sikra at lukt frå pumpestasjonar, overløp, kummar og eventuelle lufteinnetningar ikkje er til vesentleg sjenanse for naboar og brukarar av nærområdet.

Sula kommune skal ha oversikt over kjelder og vurdera behovet for tiltak og eventuelt effekten av gjennomførte luktreducerande tiltak.

Før bygging av nye anlegg, komponentar (pumpestasjonar, kummar, uteareal og leidningar) må Sula kommune vurdera moglege kjelder til lukt og om nærleik til busetnad, ferdsel eller terrengforhold kan skapa luktkonfliktar.

Sula kommune skal ha eit system for registrering og oppfølging av eventuelle klager og avvik på lukt. Systemet skal vera ein del av internkontrollen

### 4.2 Lukt fra punktkjelder

Punktutslepp for avgassar skal handterast slik at luktulemper blir effektivt førebygd.

Utrekna luktimmisjon skal ved omliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar mv. skal ikkje overskride 2 ouE/m<sup>3</sup> som maksimal månadleg 99 prosent timefraktil.

### 4.3 Utslepp av klimagassar

Utslepp av klimagassar frå drift av det totale avløpssystemet skal haldast på eit så lågt nivå som mogeleg.

Verksemda skal årleg utarbeide et klimarekneskap.



## 5 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringinggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride grensene i tabell 9. Grensene skal målast eller reknast ut med frittffeltsverdi ved den fasaden som er mest støyutsett.

**Tabell 9: Støygrenser**

| Dag<br>(kl. 07-19)<br>LpAekv12h | Kveld (kl.19-23)<br>LpAekv4h | Natt<br>(kl. 23-07)<br>LpAekv8h | Søn-/hellig-<br>dager<br>(kl. 07-23)<br>LpAeq16h | Natt<br>(kl. 23-07) LA1* |
|---------------------------------|------------------------------|---------------------------------|--------------------------------------------------|--------------------------|
| 55 dB(A)                        | 50 dB(A)                     | 45 dB(A)                        | 50 dB(A)                                         | 60 dB(A)                 |

\*LA1 er et statistisk maksimalnivå, uttrykt som det støynivået som overskridast i 1 % av tida i situasjonar der maksimalnivåhendinga forårsaka av mange typar kjelder, antal hendingar ikkje er eintydige eller moglege å definere. pAekvT er A-veiet gjennomsnittsnivå (dBA) middelet over driftstid der T angir midlingstida, antal timer.

Alle støygrenser skal overhaldast innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta av reinseanlegg, inkludert intern transport på områda til anlegga og lossing/lasting av råvare, slam etc. Støy frå byggje- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for nye bygg av typar som nemnt ovanfor som etablerast på stader der støybidraget frå verksemda bryter eller er forventa å kunne bryte fastsette grenser i løyve.

## 6 Avfall og avløpsslam

### 6.1 Generelle krav til avfall

Verksemda pliktar så langt som råd å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Innhald av skadelege stoff i avfallet skal avgrensast i størst mogleg grad.

Kommunen pliktar å sørge for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, og avfallsforskrifta<sup>13</sup>.

Avfall som oppstår i verksemda skal i størst mogleg grad gjenvinnast og leverast til avfallsmottak med løyve til å ta imot dei aktuelle fraksjonane.

Ved ev. bruk av biofilmbærarar må det sikrast at plastmedium ikkje blir spreidd til miljøet.

### 6.2 Handtering av avløpsslam

Med avløpsslam meiner ein her den faste fraksjonen som blir felt ut ved reinseprosessar i reinseanlegg, og der ristgods er fjerna i forkant. Slam frå siler <0,5 mm kan handterast som avløpsslam og skal ikkje leggst på deponi. Avløpsslam er berre inkludert i løyve dersom dette slammet er levert reinseanlegg i forkant av reinseprosessane og omfatta av ramma gitt i punkt 1.1.

<sup>13</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)



Sula kommune skal ha oversikt over kva mengder råslam som oppstår i reinseanlegget, slamkvalitet og vidare handtering. Dette skal inngå i eigenkontrollrapporteringa for reinseanlegget, sjå pkt. 13.1.

Avløpsslam som ikkje blir behandla på staden, skal forbehandlast slik at det blir eigna for transport til behandlingsanlegg. Avløpsslam som ikkje overheld krava i gjødselvarerforskrifta<sup>14</sup> og dermed ikkje er eigna for bruk, skal leverast til godkjent mottaksanlegg for avfall og ikkje blandast saman med anna avløpsslam.

Sula kommune skal ha ei oversikt på kva for mengder slam som reinseanlegget generer, kvaliteten på slammet og vidare handtering. Dette skal inngå i eigenkontrollrapporten til avløpsanlegget, sjå punkt 13.2.

Statsforvaltaren kan påleggje kommunen å delta i kartlegging for å dokumentera nivået av miljøgifter i slam. Eit samandrag av prøvetaking og analysar inkludert vurdering av resultata med konklusjon, skal inngå i årsrapporten til reinseanlegget.

## 7 Forureina grunn og forureina sediment

Avløpssystemet skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen, f.eks. frå kjemikalielagring mm., som kan medføre nemneverdige skadar eller ulempe for miljøet. Når ein skal legge nye avløpsleidningar, skal kommunen ha kjennskap til om leidningsnett kjem i kontakt med område med forureina grunn eller forureina sediment i elv, ferskvatn eller i sjø. Terrenginngrep som kan medføre fare for at forureininga i grunnen kan spreie seg, må ha godkjent tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2<sup>15</sup>, eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

## 8 Akutt forureining - førebyggjande tiltak, varslings og beredskap

### 8.1 Førebyggjande tiltak

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar Sula kommune å setta i verk dei tiltaka som er nødvendige for å eliminera eller redusera den auka forureiningsfaren.

Sula kommune pliktar i tillegg å ha ein plan for ei stegvis og systematisk gjennomføring av risikoreduserande tiltak avdekka i miljørisikovurderinga jf. vilkår 2.6.1.

### 8.2 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikovurderinga skal Sula kommuneutarbeide ein beredskapsanalyse for den eventuelle restrisiko som står att etter at førebyggjande tiltak er sett i verk. For kvar av hendingane som er identifisert i miljørisikoanalysen skal Sula kommuneutarbeida og grunngi

- organisering av beredskapen

<sup>14</sup> Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav av 4.7.2003, nr 951.

<sup>15</sup> Forurensningsforskriftens kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider



- nødvendig beredskapsutstyr
- nødvendig mannskap
- responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

### 8.3 Beredskapsplan

Miljøriskovurdering, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av Sula kommune sin internkontroll-dokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som eit minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

### 8.4 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vera dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisiko.

### 8.5 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gong pr. år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga, inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle anbefalingar om forbetringar. Korleis eventuelle anbefalingar om forbetringar er følgt opp, skal vera dokumentert i internkontrollen.

### 8.6 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i medhald av gjeldande forskrift<sup>16</sup>.

Internkontrollen skal innehalde ei kartlegging og vurdering av risiko for akutt forureining og annan uønskt påverknad av ytre miljø. Sula kommuneskal så snart som mogleg informera Statsforvalteren i Møre og Romsdal om:

- Akutt forureining grunna driftsstans som skuldast uhell eller langvarig straumbrot.
- Unormale forhold som har eller kan føre til vesentleg auka forureining.
- Utsleppskonsentrasjon på meir enn det dobbelte av gjeldande krav for ei prøve der prøvetaking og analyse er utført jf. forureiningsforskrifta §§ 14-11, 14-12 og 14-14.

---

<sup>16</sup> Forskrift om varslung av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269



## 9 Resipientovervaking

Overvaking etter 9.1 skal vera nærare utsleppspunkta og dokumentera effekten av utslepp av avløpsvatn, medan overvaking etter 9.2 skal dokumentere tilstanden i resipienten etter samla belastning. Dvs. målestasjonar plassert lengre ut og ofte for langt ut til at effekten av enkeltutslepp kan avdekkast, slik føremålet er med 9.1.

Det er ikkje gjort ein kartlegging av naturmangfald i området for naudoverløp, for at kravet i naturmangfaldlova § 8 kunnskapsgrunnlag skal vere dekt må det gjerast ei undersøking i dette området. Det skal utførast ei kartlegging av naturmangfald i området for naudoverløp, kartlegginga skal inkludere ein vurdering av naudoverløpet sin påverknad på naturmangfaldet i området rundt naudoverløpet frist 31.12.2026

### 9.1 Overvaking etter forureiningsforskrifta

Sula kommuneskal sørge for overvaking av moglege miljøeffektar av utslepp frå reinseanlegg og overløp til aktuelle vassførekomstar i medhald av eit overvakingsprogram. Overvakinga skal vera risikobasert og bidra til å avklara om resipienten skal registrerast som følsam eller normal jf. forureiningsforskrifta kap. 11, vedlegg 1, pkt. 1.1 og følgje prinsippa i rettleiar TA-1890/2005<sup>17</sup> eller ein oppdatert versjon av desse.

Overvakingsprogrammet skal leggjast fram for Statsforvaltaren for eventuelle merknader innan 1. oktober 2025. Overvakinga skal gjennomførast med eit intervall på 3 år og samordnast så langt det er mogeleg med overvakinga etter vassforskrifta.

Dersom utslepp eller tilstanden i vassførekomsten endrar seg, kan Statsforvaltaren i Møre og Romsdal påleggja ei utviding av overvakingsprogrammet som omfattar målepunkt, parametrar og/eller frekvens. Statsforvaltaren kan også påleggje strengare reinsekrav.

### 9.2 Overvaking etter vassforskrifta

Sula kommuneskal overvake korleis utslepp frå verksemda påverkar tilstanden i vassførekomsten. Overvakinga skal kunne vise om utsleppa medfører dårlegare miljøtilstand og om miljømål for resipienten ikkje blir nådd, jf. vassforskrifta §§ 4 og 18. Overvakinga skal gjennomførast i tråd med vassforskrifta sine føresegnar for tiltaksorientert overvaking § 18 og vedlegg V punkt 1.3 og vurderast etter klassifiseringssystemet for miljøtilstand i vatn<sup>18</sup>.

Sula kommunes kal i samarbeid med nødvendig fagekspertise og eventuelle andre påverkarar utarbeida eit overvakingsprogram for dei resipientane der det er utslepp av avløpsvatn. Overvakinga skal innehalde ein kartlegging av mogleg påverknad på korallførekomstane av kvit hornkorall. Overvakingsprogrammet/-a skal leggjast fram for Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for eventuelle merknadar senast 1. oktober året før undersøkingane skal gjennomførast. Forslag til overvakingsprogram skal første gang sendast inn innan 1. oktober 2025.

Overvakingsprogrammet/-a skal følgje anbefalingar gitt i gjeldande versjon av rettleiaren Klassifisering av miljøtilstand i vann (02:2018). Programmet skal vise og grunngi kva element som vil bli undersøkt. Plasseringa av prøvetakingspunkt og prøvetakingsfrekvens, korleis og i kva

<sup>17</sup> Resipientundersøkelser i fjorder og kystvann. EUs avløpsdirektiv Veileder fra SFT, TA 1890/2005 (eller en senere utgave)

<sup>18</sup> Veileder 02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann. Økologisk og kjemisk klassifiseringssystem for kystvann, grunnvann, innsjøer og elver.



medium (biota, sediment etc.) undersøkingar vil bli gjennomført, skal også gå fram av og grunnigast i programmet. Ved behov for endring av overvakingsprogrammet, skal utkast til endringar med grunngeving sendast statsforvaltaren seinast 1. oktober året før undersøkingane skal gjennomførast.

Overvakinga skal settast i gang slik at overvakingsrapport kan sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Overvakinga skal gjennomførast med eit intervall på 3 år med unntak av enkelte element der Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har gitt aksept for ein utvida frekvens.

Dersom utslepp eller tilstanden i vassførekomsten endrar seg, kan Statsforvaltaren i Møre og Romsdal påleggje ei utviding av overvakingsprogrammet som omfattar målepunkt, element og/eller frekvens.

### 9.3 Rapportering av overvakingsresultat

Resultat frå overvakinga etter forureiningsforskrifta jf. vilkår 9.1, skal drøftast og konklusjonar om registreringa av resipienten som følsam, normal eller mindre følsam presenterast for forureiningsstyresmaktene som ein del av påfølgjande kalenderårs eigenkontrollrapportering jf. punkt 13.2.

Resultat frå resipientundersøkingar etter vassforskrifta jf. 9.2 skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Resultata skal vurderast etter det til ei kvar tid gjeldande klassifiseringssystem for vatn, gitt i vassforskrifta og rettleiingsmateriell til forskrifta. Gjeldande rettleiar per 1. juni 2024 er «Klassifisering av miljøtilstand i vann (02:2018)».

### 9.4 Registrering i Vannmiljø

Alle overvakingsdata skal registrerast i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>) innan 1. mars året etter at undersøkingane er gjennomført. Data rapporterast på Vannmiljøs importformat. Importmal og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i samsvar med kodeverket i Vannmiljø finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

## 10 Energi

### 10.1 Energistyringssystem

Sula kommune skal ha rutinar for regelmessig vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv drift av heile avløpsanlegget. Eit energistyringssystem skal vera etablert seinast eit halvt år etter at avløpsanlegget er satt i drift og skal inngå i internkontrollen.

### 10.2 Utnytting av overskotsenergi

Sula kommuneskal i størst mogeleg grad utnytta overskotsenergi internt og leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk mogeleg, er avgrensa av konsesjonar eller fører med seg urimelege kostnader.



## 11 Substitusjon av kjemikaliar og råstoff

Med kjemikaliar meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda. Slike kjemikaliar kan til dømes vere fellingskjemikaliar og hjelpekoagulantar, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannsløkkingsmiddel m.m.

For kjemikaliar som blir nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal Sula kommune dokumentera at ein har gjennomført ei risikovurdering av bruk og utslepp på bakgrunn av kjemikaliane sine eigenskapar, mengder, utsleppspunkt m.m., jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Sula kommune eller den ansvarlege for drifta av reinseanlegget pliktar å etablera eit dokumentert system for substitusjon av kjemikaliar. Verksemda skal gjera ei kontinuerleg vurdering av risiko for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikalia som blir brukt, og av om det finst alternativ. Der betre alternativ finst, pliktar kommunen å nytta desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe<sup>19</sup>

Stoff aleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje brukast utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket<sup>20</sup> og andre regelverk som gjeld for kjemikaliar.

## 12 Tilsyn

Sula kommunepliktar jf. forureiningslova § 50 å la representantar for Statsforvalteren i Møre og Romsdal føre tilsyn med anlegga til ein kvar tid.

## 13 Krav til rapportering

### 13.1 Årleg eigenkontrollrapportering

Sula kommune skal rapportera avløpsdata til Miljødirektoratet innan 1. mars kvart år. Rapporteringa skal skje slik Miljødirektoratet legg til rette for. [Rapporteringa skjer i dag via Altinn.](#)

### 13.2 Årlege vurderingar av driftsforhold

Sula kommuneskal årleg gi ei skriftleg vurdering av driftsforholda siste kalenderår for avløpsnett, reinseanlegg, slamhandtering og overvaking med vekt på overordna, kvalitative vurderingar. Data som blir rapportert i eigenkontrollrapporteringa eller til Vannmiljø er det ikkje nødvendig å repetere i årsrapporten, ut over kva Sula kommune sjølv finn føremålstenleg og naturleg for å underbyggja konklusjonar.

Følgande tema skal inngå i vurderingane:

- Korleis gjennomførte oppgraderingar siste kalenderår og planlagde endringar av avløpsnettet bidrar til å etterkoma krava i løyvet og delmål i kommunens

<sup>19</sup> Lov om kontroll med produkter og forbrukstjenester (produktkontrollloven) av 11.06.1976 nr. 79 § 3a om substitusjonplikt

<sup>20</sup> Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensnig av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30.05.2008.516



- Korleis avløpsnettet fungerer, inkl. verknadsgrad for nettet totalt, driftstid og mengder avlasta for overløp og utrekning av innlekking og utlekking.
- Omfanget av tiltak for å redusera tilførsler av overvatn, inkludert større separeringstiltak og forventa og registrert effekt av tiltaka,
- Korleis reinseanlegga fungerer og årsaker til eventuelle overskridingar av løyvet. Vidare skal det greiast ut om trendar for reinsing og driftsstabilitet.
- Ev. overskridingar av løyvet skal kommenterast særskilt i høve til kapittel 3 Utslepp til vatn, med forslag til korrigerande tiltak.
- Resultat, trendar og konklusjonar frå resipientovervakinga jf. formål med overvakinga omtala i kapittel 9 Resipientovervaking
- Resultat frå målingar av tungmetall og organiske miljøgifter i innløp og reinsa avløpsvatn. Nytt/oppdatert måleprogram skal leggjast ved til orientering.
- Status for risikovurderingar og oppfølging.

Årsrapportane skal lastast opp som vedlegg til eigenkontrollrapporten til Miljødirektoratet for kommunens hovudleidningsnett, inntil denne rapporteringa eventuelt blir integrert i skjema for eigenkontrollrapportering.

## 14 Nedlegging, ombygging og overføring av avløpsvatn til andre anlegg

Om avløpsanlegg planleggast lagt ned eller stansa for en periode grunna ombygging eller utbetring, skal Sula kommune gjere det som til ein kvar tid er nødvendig for å motvirke fare for forureining.

Aktivitetar som kan medføre fare for forureining må Sula kommune avklare med Statsforvalteren. Søknad om eventuelle unntak fra gjeldande reinsekrav må sendes Statsforvalteren i god tid.

Dersom ein skal foreta utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motvirke forbrenningar på en vesentleg betre måte enn da løyve blei gitt, skal Statsforvalteren på førehand verte orientert om dette.

All utskifting av utstyr skal ta utgangspunkt i den teknologi som ut ifrå ein samla vurdering av nåverande og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir dei beste resultata, jf. forureiningslova § 2.

Ved planlegging om nedlegging av avløpsreinseanlegg skal Statsforvalteren i Møre og Romsdal få beskjed om dette. Plan for nedlegging med tiltak og fristar skal sendes Statsforvalteren i god tid før gjennomføring

Ved nedlegging eller stans skal den ansvarlege sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall tas hand om på forsvarleg måte, derunder at farleg avfall vert handtert i medhald av avfallsforskrifta kap. 11. Dei tiltak som treffest i denne forbindelse, skal rapporterast til Statsforvalteren i Møre og Romsdal innan 3 månader etter nedlegging eller stans.



Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikaliar og namn på eventuell(e) kjøper(e). Ved nedlegging av avløpsreinseanlegg skal den ansvarlege sørge for at driftsstadene settast i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.



## 15 Oversikt sentrale ord nytta i løyve

| Omgrep                                                            | Forklaring                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
|-------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Tettbygd område (Tettbebyggelse)                                  | <p>Definert i forurensningsforskriften § 11-3 k) ut fra nærhet mellom husklynger bestående av minst 5 hus. Se fullstendig tekst i forskriften.</p> <p>I tillegg regnes tettbebyggelser som én tettbebyggelse dersom avløpsvann fra to eller flere tettbebyggelser samles opp og føres til ett felles renseanlegg eller utslippssted.</p> <p>Definisjonen gjelder alle typar hus, både bustadhus, hytter/turistanlegg, næringsbygg, institusjonar, idrettsanlegg mv.</p> |
| Tettbygd område utslippsstørrelse                                 | <p>Den maksimale, gjennomsnittlige vekebelastning i BOF<sub>5</sub> (pe) til tettbygd område s avløpsnett som oppstår i maksuke. Beregnes ut fra kunnskap om utslippskilder iht. NS 9426. (Kilde: Avløpsdirektivet)</p>                                                                                                                                                                                                                                                 |
| Maksuke                                                           | <p>Med maksuke menes største årlige BOF<sub>5</sub> (pe) – døgntilførsel beregnet som gjennomsnitt av sju påfølgende dager (Kilde: NS 9426 og EUs avløpsdirektiv).</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| Kommunens beregnede (potensielle) utslipp av avløpsvann i maksuke | <p>Den beregnet, maksimale, gjennomsnittlige vekebelastning i BOF<sub>5</sub> (pe) til det kommunale avløpssystemet som reguleres i denne tillatelsen, og som oppstår i den uka i året med forventet høyest belastning. Beregningene skal være representative for situasjonen på søknadstidspunktet og 10 år fram i tid, da tillatelsen uansett bør omgjøres senest etter 10 år. (Kilde: Avløpsdirektivet)</p>                                                          |
| Avløpsslam                                                        | <p>Avløpsslam er det slammet som felles ut ved reinsing i et konvensjonelt reinseanlegg for avløpsvatn, og kor ristgods er fjernet i forkant. Septikslam inngår ikkje i denne definisjonen av hygieniske grunner. (I boka om VA-teknikk av Ødegaard, omtales septikslam som en form for avløpsvatn.)</p>                                                                                                                                                                |
| Råslam                                                            | <p>Med råslam menes ubehandlet avløpsslam, dvs. slam som ikke har gjennomgått noen form for behandling. Fortykning og avvatning av råslam er metoder for forbehandling som finner sted på renseanlegget for å redusere vanninnholdet i avløpsslammet før transport. Dette er aktiviteter som det er naturlig å se på som en del av driften av et renseanlegg for avløpsvann, og ikke som avfallsbehandling. (Kilde: Miljødirektoratet)</p>                              |
| Septikslam                                                        | <p>Septikslam er en samlebetegnelse for det som oppstår ved tømning av slamavskillere, septiktanker og tette oppsamlingstanker o.l. og som kan ha et vanninnhold på 95-99 %. (Kilde Bjarne Paulsrud, Vann nr. 4/1982).</p> <p>Septikslam inngår ikke i definisjonen av avløpsslam. (I boka om VA-teknikk av Ødegaard, definerast septikslam som en form for avløpsvatn.)</p>                                                                                            |
| Overløp                                                           | <p>Arrangement for avledning eller måling av væskemengder. Utforming avhenger av funksjon og væskemengde. Overløp kan også brukast om den vantmengde som avledes/målast. (Kilde: Vannordboken).</p> <p>Der begrepet 'overløp' er brukt i denne tillatelsen, menes både driftsoverløp og naudoverløp.</p>                                                                                                                                                                |



|                                  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
|----------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                  | Overløpets funksjon er at når den tilførte vannmengden overstiger kapasiteten nedstrøms, blir en del av vannmengden før til en avlastningsledning (overløpsledning) som normalt fører overløpsvannet til nærmeste resipient. (Kilde NV-rapport 222_2016)                                                                                                   |
| Driftsoverløp / regnvannsoverløp | Overløp som <u>er etablert</u> for å hindre overbelastning av avløpssystemet i perioder med så store nedbørsmengder at avløpssystemets dimensjonerende kapasitet overskrides. (Kilde: Boka om VA-teknikk av Ødegaard, Norsk Vann, 2012.)<br><br>Mest relevant for fellesnett.                                                                              |
| Nødoverløp                       | Overløp som skyldes <u>uforutsette</u> hendelser i alle deler av avløpssystemet og som brukes av sikkerhetsmessige grunner. (Kilde: Boka om VA-teknikk av Ødegaard.)                                                                                                                                                                                       |
| Fremmedvann                      | Med fremmedvann menes det vannvolumet som tilføres avløpssystemet i tillegg til nødvendig spillvann/sanitært avløpsvann og evt. industrielt avløpsvann tillatt gjennom påslipp. Det er vanligvis regnvann, smeltevann, grunnvann eller drikkevann. Betegnes også som infiltrasjons- og innlekkingsvann ifølge boka om VA-teknikk av Ødegaard.              |
| Virkningsgraden til avløpsnett   | Det vil si hvor stor andel av forurensningsmengden som kommer fram til renseanlegget.                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Blandprøver                      | Er en prøve satt sammen av flere mindre vannmengde-proporsjonale delprøver tatt gjennom prøvetakingsperioden. Prøvetakingsperioden er enten ett døgn eller en uke.                                                                                                                                                                                         |
| Ukeblandprøver                   | Er blandprøver tatt over minst fem døgn innenfor en periode på maks syv påfølgende døgn.                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| Prøvetaking                      | Med prøvetaking menes uttak av en representativ prøve og all behandling av prøven til den er klar for analyse. Dette inkluderer transport og oppbevaring av prøven inntil prøven er overlevert til laboratoriet. (Kilde: Kommentarene til forurensningsforskriften kap. 14)                                                                                |
| Akkreditering                    | Med akkreditering menes en offisiell anerkjennelse av en organisasjons kompetanse og evne til å utføre angitte oppgaver i samsvar med gitte krav. I Norge er det Norsk Akkreditering som gir akkreditering. (Kilde: Kommentarene til forurensningsforskriften kap. 14)                                                                                     |
| Substitusjon/ substitusjonsplikt | Substitusjon betyr erstatning. Substitusjonsplikten innebærer at den enkelte virksomhet må vurdere sin kjemikaliebruk og gå over til mindre skadelige alternativer der det kan skje uten urimelig kostnad eller ulempe. Alle virksomheter som yrkesmessig bruker produkter som inneholder helse- og miljøskadelige kjemikalier, skal vurdere substitusjon. |



## Vedlegg 1

Analyseparametere for avløpsanlegg